



Statens vegvesen

Terje Olav Olsen og Ingrid Torkildsen
Lurevegen 755
5912 SEIM

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/90715-6

Dykkar referanse:


Vår dato:
06.09.2017

Uttale – Byggjegrænse – Fv. 404 – Gnr. 151 bnr. 2 – Lindås

Statens vegvesen syner til søknad mottatt 21.06.2017. Vi syner også til ettersending av dokumentasjon mottatt 07.08.2017.

Det er søkt om dispensasjon frå byggjegrænse langs veg for å oppføre garasje på eigedomen. Minste omsøkte avstand frå vegmidte på fv. 404 er 9 meter.

Arealdelen av kommuneplan for Lindås har eigne føresegner om byggjegrænse langs veg, jf. 1. *Generelle føresegner og retningslinjer. Pkt. 1.6.* Vi vurderer difor at det er Lindås kommune som skal handsame denne søknaden. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde. Vi har og klagerett i slike saker.



Situasjonskart vedlagt søknaden.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Uttale til behandling etter plan- og bygningslova:

Byggjegrænse langs veg skal ivareta omsynet til trafikktryggleiken, vedlikehald av veg, arealbehov ved utviding av veg og miljøet langs veg.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og årsdøgertrafikk (ÅDT) er 600. Fylkesvegen er klassifisert til *Haldningsklasse 4* jf. *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrænser langs riks- og fylkesvegar i Region vest (2013 – 2016)*.

Garasjen skal oppførast på ein eksisterande platting. Søknaden syner ei løysing med garasjedør lokalisert på sørsida av bygget. Det er også vist til at ein skal nytte eksisterande avkøyrslar.

Sjølv om det er synt til i søknaden at ein skal nytte eksisterande avkøyrslar meiner vi at den ikkje kan nyttast til føremålet slik den er utforma no. Til vanleg set vi mellom anna krav om 4 meter svingradius i avkøyrslar. For å nytte dagens avkøyrslar til føremålet må ein sannsynlegvis fjerne deler av muren for å få dette kravet innfridd. Det er heller ikkje vist tilfredstillande snu- og manøvreringsareal i tilknytning til garasjen. Vi vurderer at arealet mellom fylkesvegen og forstøtningsmur ved garasjen er trangt, og vi er ikkje sikre på korleis manøvreringa er tenkt løyst på ein god måte. Vi meiner til slutt at det er behov for å stramme opp avkøyrslar og arealet langs fylkesvegen.

Oppsummert:

Før søknaden vert sendt over til Lindås kommune må det vurderast nye løysingar som syner ei tilfredstillande avkøyrslar, og at tiltaket har snu- og manøvreringsareal på eigen tomt. Avkøyrslarpunktet må strammast opp. Dersom dette kan løysast på ein god måte med omsyn på trafikktryggleiken vil vi ikkje ha merknad til søknaden slik den ligg føre.

Vidare saksgang:

Statens vegvesen ber om å få tilsendt Lindås kommune sitt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.